

## Utlysing: forprosjektmidlar til kompetanse og samarbeidsprosjekt (KSP)

Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal lyser no forprosjektmidlar til kompetanse og samarbeidsprosjekt (KSP-forprosjekt) der målet er å danne grunnlag for større kompetanse og samarbeidsprosjekt med støtte frå Forskningsrådet.

PUBLISERT 12. APR. 2021

---

Forskningsorganisasjonar i Møre og Romsdal kan søke om inntil 250 000 kroner i støtte per forprosjekt. Midlane skal brukast til å konkretisere problemstillingar og rigge samarbeidskonsortium for ein hovudprosjektsøknad til Forskningsrådet. Søknaden til RFF Møre og Romsdal skal vise kvifor det er behov for å utvikle ny forskingskompetanse på eit spesifikt område, korleis det kan møte sentrale utfordringar i samfunnet og stimulere til Innovasjon i Møre og Romsdal.

Forprosjektet skal gjennomføre arbeid og aktivitetar som er nødvendig for å vidareutvikle prosjektideen, og avklare viktige forutsetningar for at ideen skal kunne realiserast. For eksempel:

- Etablere samarbeidskonstellasjonar
- Gjennomføre utgreiingar
- Dokumentere kunnskaps- og forskingsfronten på området
- Avgrense og definere forskingsutfordringar i form av problemstillingar som vil vere sentrale i eit hovedprosjekt

Forprosjektstøtta kan ikkje brukast til å utforme eller skrive sjølve hovudprosjektsøknaden.

[Gå til utlysinga](#)

---

Meldinger ved utskriftstidspunkt 23. april 2026, kl. 15.26 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.